



## Nye Ålesund kommune

### Styringsgruppas arbeidsutval (AU)

#### Referat frå møte 6

Stad: Skodje rådhus  
Dato: 4. januar 2017  
Tid: Kl. 14:00 – 1550  
Til stades: Eva Vinje Aurdal (Ålesund), Oddvar Myklebust (Sandøy) og Dag Olav Tennfjord (Skodje) og Karen Simonnes Aanes (Ørskog).  
Andre: Astrid Eidsvik, Synnøve Vasstrand Synnes, Bente Glomset Vikhagen og Kim-Andrè Breivik.

Prosjektkoordinator Anne Berit Støyva Emblem tiltrer stillinga 9. januar, men deltok i møtet.

Møtet var avtalt i AU sitt siste møte.

Referatet frå møte 5 vart godkjent.

#### **Agenda:**

##### **1. Kommunikasjonsstrategi og tiltaksplan for nye Ålesund kommune**

Kommunikasjonssjef Anne Bente Skjellum presenterte forslag til strategi og tiltaksplan.

##### ***Konklusjon:***

Dei kommunikasjonsansvarlege i kommunane tek eit felles møte saman med prosjektkoordinatoren for å lage sak til styringsgruppa. Prosjektkoordinator kallar inn til møte.

Det er behov for å styrkje staben for kommunikasjon. Sak om dette blir lagt fram for styringsgruppa.

##### **2. Dagsorden til møtet i styringsgruppa 19. januar**

Arbeidsutvalet drøfta saka.

##### ***Konklusjon:***

Møtet blir lagt til Ørskog i tidsrommet kl. 0900 – 1530.

Saker til behandling:

- Organisering av kontrollutval
- Utbygging av breiband
- Prosjektmidlar til infrastrukturtiltak

- Prosjekt for å styrke realfaga i grunnskolen og vidaregåande skole (Lego og Newton)
- Etablering av hydrogenstasjon
- Kartlegging av interkommunalt samarbeid
- Gruppearbeid om informasjonstiltak
- Presentasjon av næringsliv i Ørskog

For kvart tema blir det laga notat som blir sendt ut saman med innkallinga. Til dei to sakene prosjekt for realfaga og hydrogenstasjon, er det aktuelt å invitere eksterne innleiarar.

### **3. Prosjektstilling for lokaldemokrati og medverknad**

Astrid Eidsvik orienterte om prosjektmidlar som Ålesund har fått frå fylkesmannen for å utvikle lokaldemokratiet og medverknad i ein ny kommunestruktur. Midlane dekkjer stilling som prosjektleiar i tre til fire år. Dette prosjektet bør no gå i regi av nye Ålesund kommune. Utkast til stillingsannonse vart presentert.

Regionrådet arbeidet med eit prosjekt om e-demokrati som det også er gitt prosjektmidlar til frå fylkesmannen. Desse prosjekta heng på mange måtar i hop og bør ha god kontakt.

#### ***Konklusjon:***

Arbeidsutvalet sluttar seg til utlysingsteksten med den endringa at demokratiomgrepet blir det viktigaste.

### **4. Stillinga som prosjektkoordinator**

Arbeidsutvalet drøfta stillingsinstruksen som er utarbeida.

#### ***Konklusjon:***

Arbeidsutvalet vel å bruke *Stillingsbeskriving* og ikkje *Stillingsinstruks*. Punktet *Organisatorisk plassering og rapportering* får slik ordlyd i første avsnitt, siste setning: *Koordinatoren sin faste kontaktperson er nestleiareren i arbeidsutvalet.*

Tore Hals  
referent